

Anders Eidsnes
Eidsnesvegen 93
5913 Eikangervåg

Eikanger 22.11.2016

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Høringsuttale Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020

- Vedlagt fylgjer høyringsuttale på del av Fylkesveg 393 Eidsnesvegen som har vore nemnd i fleire ulike innspel til Kommunedelplan for trafikksikring. Eg ber om at denne strekninga kjem med i endeleg plan med «veglys» som konkret tiltak.
- Me har i fleire rundar vore i kontakt med Statens Vegvesen for å få veglys i Eidsnesvegen. SVV har vore positive, men det har stranda på at strekninga ikkje har vore ein del av dei kommunale planane for trafikksikring.
- Komunedelplanen skal leggja vekt på tilbodet for *mjuke trafikantar, og særleg i samband med skuleveg*. Lindås kommune har eit ynskje om at alle born som bur innanfor 4km-sona, skal ha høve til å gå eller sykle til skulen. Frå planen les me òg at «Det er høg fokus på skulevegar, både kommunalt og fylkeskommunalt. Så langt det let seg gjere innafor årlege rammer vert desse vegane prioritert med tanke på å gjere det sikrere for dei mjuke trafikantane.»
- F393 Eidsnesvegen er i planen til kommunen klassifisert som kategori 1, altså vegar som er særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulen.
- Forslag;

Strekning/stad: Fv393, Eidsnesvegen
Grunngjeving: Skuleveg, turveg. Dårleg sikt. Mørk, smal og svingete veg.
Tiltak: Veglys i Eidsnesvegen

Med auka trafikk mot næringsområdet på Eidsneskaaien, har trygg skuleveg vorte endå meir aktualisert. Me håpar difor at de inkluderar denne vegen i kommunedelplanen for trafikksikring 2017-2020.

På førehand takk.

Med venleg helsing

Anders Eidsnes